



Vedtekter for 4H Hordaland

Normalvedtekter for fylkesledd av 4H Norge sist revidert av landsstyret 24. oktober 2021.

Sist vedtatt av 4H Hordaland sitt årsmøte 13.02 2022.

§ 1. Namn

1. 4H Hordaland er namnet på organisasjonen 4H Norge sitt fylkesledd.

§ 2. Fylkesårsmøte

1. 4H-fylkesårsmøtet er 4H Norge sitt høgaste organ i 4H-fylket. Fylkesårsmøtet har eit overordna ansvar i organisatoriske og økonomiske spørsmål for 4H-arbeidet i fylket.
2. Fylkesårsmøtet er samansett av:
 - a. To (2) representantar frå kvar klubb valde frå klubben sine teljande medlemmar på årsmøtet til klubben.
 - b. Medlemmane i fylkesstyret.
 - c. To (2) representantar for 4H-alumnane i fylket, valde på årsmøtet i til alumklubben.
 - d. Ein (1) representant for dei frammøtte arrangementsmedlemmane i fylket. Denne representanten veljast av- og blant dei frammøtte arrangementsmedlemmane under konstitueringa av fylkesårsmøtet.
 - e. Ein (1) representant for dei frammøtte kløvermedlemmane. Denne veljast av og blant dei frammøtte kløvermedlemmane under konstitueringa av fylkesårsmøtet.
 - f. Ein (1) representant for dei frammøtte 4H-gardane/4H-setrene. Denne veljast av og blant dei frammøtte frå 4H-gardane/4H-setrene under konstitueringa av fylkesårsmøtet.
 - g. Ein (1) representant frå fylkesleddet til kvar av medlemsorganisasjonane i 4H Norge. Desse møter utan røysterett.
 - h. Fylkesstyret kan invitere observatørar med tale- og forslagsrett til fylkesårsmøtet.
 - i. Fylkesstyret kan invitere gjestar utan tale- og forslagsrett til fylkesårsmøtet.
3. Ordinært fylkesårsmøte vert halde kvart år innan utgangen av mars. Tid og stad vert fastsett av fylkesstyret i samråd med ordføraren i fylkesårsmøtet og kunngjerast åtte (8) veker før fylkesårsmøtet haldast.



4. Fylkesårsmøtet skal offentliggjørast for arrangementsmedlemmar og kløvermedlemmar ved at papir leggst ut på heimesidene til 4H Hordaland
5. Fylkesårsmøtet kallast saman og leiast av ordføraren. Innkalling med sakliste og saksdokument til dei sakene som skal handsamast (sjå § 2, punkt 10.) skal sendast ut saman med fylkesstyret si innstilling tre (3) veker før årsmøtet haldast.
6. Rett til å sende inn saker til fylkesårsmøtet har 4H-klubbane, 4H-fylkesstyret, medlemmar i sentralstyret i 4H Norge, medlemsorganisasjonane og dei valde årsmøtere representantane. For forslag til vedtektsending gjeld § 4.
7. Fylkesårsmøtet kan gjere gyldige vedtak når minst ein tredel av dei røysteføre årsmøtere representantane er til stades. Dersom mindre enn 1/3 av dei røysteføre årsmøtere representantane er til stades på møtet, må årsmøtevedtaka godkjennast av sentralstyret for å vere gyldige.
8. Vedtak i fylkesårsmøtet vert gjort med alminneleg fleirtal (meir enn 50% av dei gitte stemmene) når ikkje anna er nemnt i vedtektene. Blanke røyster vert rekna som gyldige røyster.
9. Fylkesårsmøtet skal opnast med 4H-løftet jfr. § 2 Vedtekter for 4H Norge.
10. Ordinært fylkesårsmøte skal handsama:

Konstituering av fylkesårsmøte:

- a. Godkjenning av innkalling og sakliste.
- b. Val av referent til å føre protokollen. (sjå unntak i §6)
- c. Val av to (2) representantar til å skriva under protokollen saman med ordføraren.
- d. Forretningsorden for årsmøtet.

Saker:

- e. Årsmelding frå fylkesstyret.
- f. Revidert rekneskap og revisjonsutgreiing.
- g. Innkomne saker. Slike saker skal vere fylkesstyret i hende seinast seks (6) veker før fylkesårsmøtet.
- h. Generaldebatt. (sjå unntak i §6)
- i. Årsplan.
- j. Budsjett.
- k. Eventuelle vedtektsendingar.
- l. Tilsetjing av revisor.



Val av:

- m. Ordfører og varaordfører for fylkesårsmøtet. Funksjonstid eitt (1) år.
 - n. Medlemmar til fylkesstyret:
 - i. Leiar for fylkesstyret vert vald først med funksjonstid eitt (1) år
 - ii. Fire (4) styremedlemmar vert valde med funksjonstid to (2) år, slik at to (2) og to (2) er på val annakvart år. (sjå unntak i §6)
 - iii. Dersom den oppnemnde styremedlemmen vert vald som leiar, skal det veljast ein (1) ekstra styremedlem med funksjonstid eitt (1) år.
 - o. Tre (3) varamedlemmar til fylkesstyret i rekkjefølgje. Funksjonstid eitt (1) år.
 - p. Representant(ar) med vararepresentant(ar) til landsmøte for 4H Norge
 - q. Valkomité på tre (3) medlemmar med funksjonstid to (2) år. Slik at eitt (1) og to (2) medlem blir valt annakvart år.
 - r. Tre (3) varamedlemmar til valkomiteen med funksjonstid eitt (1) år.
 - s. (sjå unntak i §6)
11. Alle val skjer blant 4H sine medlemmar. Minst ein av representantane må vere i plakettløpet.
12. Medlemmane i fylkesstyret har ikkje røysterett ved handsaming av årsmelding og rekneskap.
13. Det skal vere skriftleg val på leiar og styremedlemmar. Blanke røyster vert rekna som gyldige røyster. Ved personval utanom leiar og styremedlemmar, skal det vere skriftleg val dersom det er framlegg om meir enn ein kandidat.
14. Det skal førast protokoll frå fylkesårsmøtet.
15. Ekstraordinært fylkesårsmøte vert halde når fylkesstyret eller minst 1/3 av årsmøtere representantane krev det. Berre dei sakene som er nemnde i innkallinga kan handsamast. Innkalling og tidsfristar er som for ordinært fylkesårsmøte.
16. Reise- og opphaldsutgifter for representantane til fylkesårsmøtet vert dekte av den dei representerer.

§ 3. Fylkesstyret

- 1. Fylkesstyret har minst fem (5) medlemmar: Leiar, nestleiar og minst tre (3) styremedlemmar valde av fylkesårsmøtet blant 4H sine medlemmar. (sjå unntak i §6)
- 2. Fylkesstyret vel sjølv sin nestleiar. Funksjonstid eitt (1) år.



3. Fylkesstyret har i tillegg tre (3) varamedlemmar i rekkefølge.
4. Alumnklubben i fylket skal få tilbod om å møte i fylkesstyret med ein (1) representant utan røysterett.
5. Ein (1) representant frå relevante samarbeidsmiljø kan få tilbod om å møte på fylkesstyremøta utan røysterett.
6. Ordføraren i fylkesårsmøtet kan delta på fylkesstyremøta utan røysterett.
7. For gyldig vedtak i fylkesstyret vert det kravd at minst tre (3) medlemmar har røysta for framlegget.
8. Fylkesstyret skal
 - a. Vere styringsorgan for 4H-arbeidet i fylket i samsvar med 4H Norge sine vedtekter, og vedtak gjort av landsmøte for 4H Norge, fylkesårsmøtet, landsstyret og sentralstyret.
 - b. Ha ansvar i organisatoriske og økonomiske saker for 4H i fylket.
 - c. Leggje hovudvekt på handsaming av prinsipielt viktige saker som gjeld utvikling av 4H-fylket.
 - d. Forvalte 4H-fylket sin økonomi og eigedelar.
 - e. Sørgje for at 4H-klubbane, 4H-gardane / 4H-setrene, medlemmane og klubbrådgjevarane får best mogleg stønad og rådgjeving i 4H-arbeidet.
 - f. Vere ankeinstans for saker som er avgjort av klubbane.
 - g. Vedta reglar for reiseutjamning for klubbane sine representantar til fylkesårsmøta.
 - h. Arbeide med andre aktuelle oppgåver for 4H-arbeidet i fylket.
 - i. Fylkesstyret kan utnemne utgreiingsutval for spesielle saker.
9. Leiaren i fylkesstyret (eller nestleiareren) og den med det daglege leiaransvaret av tilsette blir tildelt prokura.
10. Det skal førast protokoll frå alle fylkesstyremøte.

§ 4. Vedtektsendring

1. Fylkesårsmøtet vedtek sjølv vedtektene sine etter mønster av normalvedtekter for fylkesledd av 4H Norge. Vedtektene og eventuelle endringar av desse, skal godkjennast av sentralstyret før dei er gyldige.
2. Framlegg til endringar av vedtektene for 4H-arbeidet i fylket, kan leggjast fram av fylkesstyret eller minst fem (5) medlemmar av fylkesårsmøtet. Slikt framlegg må vere komne til fylkesstyret minst seks (6) veker før det fylkesårsmøtet som skal handsame saka.



3. Vedtektsendringar krev at minst 2/3 av dei frammøtte årsmøterepresentantane røystar for.

§ 5. Oppløysing

1. Fylkesårsmøtet kan ikkje vedta å oppløyse 4H-arbeidet i fylket. Fylkesårsmøtet kan etter vedtak med 3/4 fleirtal av dei frammøtte årsmøterepresentantane i to (2) ordinære fylkesårsmøte på rad, oppmode landsstyret om mellombels å leggje ned verksemda i fylket.

§ 6. 4H Hordaland sine egne avgjerder

1. Tillegg til §2 punkt 10 b): Val av to (2) referentar til å føre protokollen.
2. Endring til §2 punkt 10 h) i: Generaldebatt kan inkluderast på sakliste ved ynskje frå klubbane eller fylkesstyret. Ynskje om dette må kome seinast ni (9) veker før årsmøtet.
3. Tillegg til §2 punkt 10.h) ii: Handlingsplan skal behandlast annakvart år.
4. Tillegg til §2 punkt 10.n) ii: Eit av styremedlemmane vert valt inn i styret med ansvar for økonomioppfølging, og ein vert valt inn som skrivar. Dei vert valde annakvart år.
5. Tillegg til §2 punkt 10.s): Det skal veljast kontrollnemnd på tre (3) medlemmar med funksjonstid på tre (3) år. Eit (1) nytt medlem vert vald kvart år. Den som har sete lengst vert automatisk leiar for komiteen. Kontrollnemnda foreslår ny(e) person(ar) til valkomite og tre (3) varamedlem til valkomiteen
6. Tillegg til §3 punkt 1): Fylkesstyret har minst fem (5) medlemmar: Leiar, nestleiar, skrivar, styremedlem med økonomioppfølging og minst eit (1) styremedlem valde av fylkesårsmøtet blant 4H sine medlemmar.

§ 7. Iverksetjing

Vedtektene er fastsette på fylkesårsmøte den 13.februar 2022

Godkjende av sentralstyret i 4H Norge den (dato)

Gjort gjeldande med verknad frå den (dato).